


*SVEIO KOMMUNE*

# KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING

2012

---



KONTROLLUTVALET  
SVEIO KOMMUNE

---

## INNLEIING

---

Kontrollutvalet si årsmelding er ei melding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp og handsama i 2012.

I følgje kommunelova § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret”.

---

### 1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

---

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

---

### 2. MEDLEMMENE I UTVALET

---

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemmene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljast blant representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet.

For perioden 2011 - 2015 har Sveio kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

#### Faste medlemmer

Leiar	<b>Håkon J. Skimmeland</b> (Ap)
Nestleiar	<b>Kirsti Henden Tveitaskog</b> (Sp)
Medlem	<b>Andreas Bårtvedt</b> (H)
Medlem	<b>Tor Røkenes</b> (V)
Medlem	<b>Oddbjørg Hovland</b> (MDG/SV)

#### Pers. varamedlemmer:

Heidi Nilsen Njøen	(Ap)
Lars Vierdal	(Sp)
Kåre Ekrene	(H)
Bjørnar Økland	(MDG/SV)
Hildur Larsen	(Kp)

Håkon J. Skimmeland er også kommunerepresentant. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Kommunestyret vedtok eige reglement for kontrollutvalet i møte 30.01.12, sak 2/12.

---

### 3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2012

---

Kontrollutvalet har i 2012 hatt 5 (4) møte fordelt på tre om våren og to på hausten. Kontrollutvalet sine møte har vore lukka, då utvalet ikkje har vedteke å ha opne møte (§ 77 nr 8). Utvalet har halde sine møte i kommunehuset.

Utvalet har hatt 27 (25) saker til handsaming og 30 (35) saker til orientering. Sjå oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet som vedlegg til årsmeldinga.

Ingen har deltatt på Kontrollutvalskonferansen i regi av Norges Kommunerevisorforbund eller konferansen til Forum for kontroll og tilsyn p.g.a. kommunen sin budsjettsituasjon. På haustkonferansen for kontrollutval i Rogaland i Sandnes 03.11.10 deltok leiar.

---

#### **4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER**

---

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

##### **4.1 REKNESKAPSREVISJON**

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 24.04.12 kommunen sin årsrekneskap for 2011 til handsaming. Revisjonen hadde ikkje tatt inn atterhald eller presiseringar. Kontrollutvalet hadde heller ikkje merknader til årsrekneskapen.

Uttale til rekneskap for og Ryvarden Kulturfyr KF og Stien Eigedom KF blei godkjent i same møte. Kontrollutvalet hadde ingen merknader til rekneskapa.

##### **4.2 FORVALTNINGSREVISJON**

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Kommunestyret skal vedta planen.

Som eit forvaltningsrevisjonsprosjekt vedtok kontrollutvalet å engasjere KPMG AS til å utarbeide ein overordna analyse frå KPMG AS som bygde på ein risiko- og sårbarheitsanalyse. Analysen og utkast til plan blei presentert i på møte i september. Sveio kommune sin nye plan for 2012-2016 blei vedteken av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 101/12.

##### **4.3 SELSKAPSKONTROLL**

I følgje kommunelova er kontrollutvalet pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll. Planen for 2012-2016 og retningslinjene for slik kontroll blei vedtatt av kommunestyret i møte 22.10.12, sak 100/12.

Kontrollutvalet vedtok i desember 2011 å delta i selskapskontroll i Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM) IKS i lag med dei sju eigarkommunane. Rapporten frå Deloitte AS var klar i september og blei lagt fram for kontrollutvalet i 18.09.12, sak 20 og kommunestyret i 22.10.12, sak 102/12.

Funna i rapporten gjekk i hovudsak på forbetringar på rutinar i selskapet og tilrådingar knytt til utøving av eigarskapet.

#### **4.4 TILSYN MED REVISOR**

Revisjonssjefen for Indre Hordaland Revisjonsdistrikt har vore oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor fram til 30.06.12 og Willy Hauge i KPMG AS frå 01.07.12.

Sveio kommunestyre vedtok i 2011 og seie opp avtalen med Haugaland Kommune-revisjon og det tidligare interkommunale samarbeidet blei oppløyst frå 30.06.12. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut i DOFFIN før nyttår og ved utløp av anbudsfristen 30.01.12 var det komme inn tilbod frå 4 anbydarar. Det vart den 08.02.12 halde forhandlingar med alle anbydarane og i etterkant blei nye priser levert.

Kommunestyret valde KPMG AS som ny revisor i møte 27.03.12, sak 25/12, slik kontrollutvalet hadde gjeve innstilling på i møte 14.03.12. Avtalen gjeld til 30.06.15 med opsjon for kommunen til og forlengje avtalen med 1 år.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte, og ny revisor v/partner Trond Kampen har deltatt på møta i haust. Dei har presentert revisjonselskapet og lagt fram si overordna revisjonsstrategi/plan for revisjonsarbeidet.

#### **4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA**

Kontrollutvalet fekk i mars orientering frå økonomisjefen om eigenkontrollarbeidet i kommunen. I april var kommunalsjef helse og omsorg og orienterte om samhandlings-reforma og i september var rådmannen og orienterte om framlegg til budsjett 2013 og økonomiplan. Utvalet er og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, KOSTRA-tall osv.

#### **4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL**

Kontrollutvalet handsama hausten 2012 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2013. Totalt var framlegg til budsjett på kr 559.000 eks mva. Av dette utgjorde kr 355.000 til revisjonstenester, kr 141.00 til sekretariattjenester og kr 63.000 til utvalet si eige verksemd. Utvalet hadde då lagt inn 250 timer til forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

#### **4.7 SEKRETARIAT**

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS blei stifta i 2005. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Rådgjevar hadde fedrepermisjon i 12 veker på våren og valde så og seie opp i prøvetida. Ny rådgjevar blei tilsett 01.08.12. For dagleg leiar har det vore eit svært travelt år med nye folkevalde, nytt styre og

representantskap, konkurranseutsetting av revisjon, bistå med at planarbeidet kom i hamn og tilsetting av ny rådgjevar. Sekretariatet har no kontakt og samarbeid med 4 revisjonsselskap.

Frå Sveio kommune er Håkon J. Skimmeland vald til representantskapet i IKSet.


---

## 5. OPPSUMMERING

---

Aktiviteten i 2012 har vore litt høgare enn planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon mindre enn forventa i plan. Året har vore prega av å få på plass ny revisjonsordning og nye planar for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll dei neste fire år. Ved sekretariatet har permisjon og skifte av rådgjevar ført til at det har vore eit svært travelt år.

\*\*\*  
Sveio, den 22.01.13  
Kontrollutvalet i Sveio



Håkon J. Skimmeland (A)  
(sign.)leiar

Kristi Henden Tveitaskog (Sp)  
(sign.)

Tor Røkenes (V)  
(sign.)

Andreas Bårtvedt (H)  
(sign.)

Oddbjørg Hovland (MVGSV)  
(sign.)

**Saker til behandling:**

- 1/12 Godkjenning av protokoll frå møte 21.12.11
- 2/12 Referatsaker 24.01.12
- 3/12 Revisor si eigenerklæring for 2012
- 4/12 Kontrollutvalet si årsmelding 2011
- 5/12 Godkjenning av protokoll frå møte 24.01.12
- 6/12 Referatsaker 14.03.12
- 7/12 Eigenkontrollarbeidet i Sveio kommune
- 8/12 Val av revisor for perioden 2012-2015
- 9/12 Arbeidet med plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll 2011-2015
- 10/12 Godkjenning av protokoll frå møte 14.03.12
- 11/12 Referatsaker 24.04.12
- 12/12 Sveio kommune - uttale til årsrekneskapen for 2011
- 13/12 Ryvarden Kulturfyr KF - rekneskap og årsmelding 2011
- 14/12 Sveio Bufellesskap KF - rekneskap 2011
- 15/12 Tilbod/utkast til prosjekt - planar for forvaltn.revisjon og selskapsktr 2012-2016
- 16/12 Godkjenning av protokoll frå møte24.04.12
- 17/12 Referatsaker 18.09.12
- 18/12 Revisor si eigenerklæring
- 19/12 Budsjett - kontroll og tilsyn 2013 – kontrollutvalet sitt framlegg
- 20/12 Rapport – selskapskontroll – SIM IKS
- 21/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016
- 22/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016
- 23/13 Presentasjon av revisor – overordna revisjonsstrategi
- 24/12 Godkjenning av protokoll frå møte 18.09.12
- 25/12 Referatsaker 27.11.12
- 26/12 Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2013
- 27/12 Sveio kommunes budsjett og økonomiplan 2013-2016 - rådmannen sitt framlegg
- 28/13 Moteplan for 2013

**Saker til orientering**

- 1.Overføring av oppgaver frå Helsetilsynet i fylket til Fylkesmannen frå 01.01.12
- 2.Dir. for samfunnssikkerhet og beredskap (dsd) – Hver fjerde kommune uten strømberedskap
- 3.Folkehelseinstituttet - publisering av folkehelseprofiler av landets 429 kommuner
- 4.Sveio kommune sin folkehelseprofil 2012
- 5.Kommunestyresak -samarbeidsavtaler mellom Sveio kommune og Helse Fonna
- 6.Prosjektplan/engasjementbrev – selskapskontroll – SIM
- 7.Informasjonskriv 1/12 frå NKRF - engasjementsbrev
- 8.Reglement for kontrollutvalet – godkjent i kommunestyremøte 30.01.12, sak 2/12
- 9.Val av kontrollutval for Sveio - suppleringsval 30.01.12, sak 3/12 (nytt varamedlem)
- 10. Skatteoppkrevjaren i Sveio – årsrapport og skatterekneskap 2011
- 11. Kontrollrapport 2011 vedk. skattekrevjarfunksjonen i Sveio kommune (*trekt*)
- 12. Haugaland kommunerevisjon - tilbakemelding på problemstillingar vedk. nedlegging
- 13. NKRF si konferanse 02.-03.02.11 – presentasjonane på nett
- 14. Samhandlingsreforma v/ kommunalsjef helse og omsorg Bjørn Gilje
- 15. Kontrollrapport 2011 vedk. skattekrevjarfunksjonen i Sveio kommune
- 16. Finansrapport 2011
- 17. Representantskapsmøte 27.04.12 i SIM IKS
- 18. Representantskapsmøte 08.05.12 i Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
- 19. Kommunenes byråkratibarometer 2012
- 20. Doffin - fem faktorar til å avdekkje korrupsjon
- 21. Kommunestyresak 22.10.12, sak 100/12 – Plan for selskapskontroll 2012-2016
- 22. Kommunestyresak 22.10.12, sak 101/12 -Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016
- 23. Konferanser høst/vår – Stvgr 02.10, Sandnes 01.11.12 og NKRF 06.-07.02.13
- 24. Tildeling av /bruk av lese Brett for kontrollutvalet sine medlemmer
- 25. Generalforsamlingspapirene – Haugalandpakken AS
- 26. “Det uforståelige kommunebudsjettet” av Bjørn Brox